

## Referat frå møte i SMU og SU, måndag 21.03.22.

Desse møtte: Anne, Noah, Leon, Andrea, Paul Willy, Kate, Harald og Marius

Saker:

Skulemiljø-staus: heile skulen står på og jobbar for at politikarane skal gjere vedtak for oppussing av bygningane. Rapport frå teknisk skal vere ferdig til hausten

Status uteområde: Elevane skal kome med forslag på korleis dei vil at utearealet skal utformast. Kostnadsramme: 30 000 kr

Trafikksikkerkommune: Ønske om meir ljøs på skuleplassen om kveldane. Ønske om flytte postkassestativet for å betre innkøyring/ parkeringplassen.

Fleire meinte det burde vere maks. 40 km/t forbi småskulen.

Ønske om å betre tilhøva for av/ påstigning av bussen på småskulen

Teknisk har ansvaret for feiging av skuleplassen

Covid-19 situasjonen: Smittesituasjonen er under kontroll. Få tilfelle på skulen i det siste.

Krigen i Ukraina og Nissedal: Det blir opna for at Nissedal kan ta imot 30 flyktningar. Lærarane skal snakke med elevane om krigen etter dei retningslinene som har kome frå departementet. På onsdag blir det innsamlingsaksjon på skule for Ukraina. Det blir servert svele og kaffi av bygdekvinnelaget. Idrettslaga har ansvar for løpet.

### Saker frå Fau.

Alle elevar i 10. klasse skal ha eigen PC og læringsbrett. Elevane frå 5. klasse bør få eige tastatur.

Eventuelt: me hadde ein veldig fin og vellykka skidag på Gautefall. Vinterballet var og alle einige om at hadde vore ei fin oppleving.

Fredag 11.03 var lærarane på kurs i Vrådal. Då hadde rektor ansvaret for alle elevane på ungdomsskulen. Dei hadde eit opplegg/ kurs i motivasjon.

NB! Rektor presiserer at her på skulen skal me ha nulltoleranse for kommentarar om kvarandre som går på utsjånad, klesstil, veremåte, osv.

Dette er noko ALLE nå jobbe med!

## **Samarbeidsutvalet**

Utviklingsarbeid: Skulen jobbar med fagfornyninga og rektor meiner me ligg godt an og er på god veg.

Lærarane skal nå jobbe på ulike grupper med ulike tema: Lesing, skriving, IKT med programmering og tverrfagleg arbeid.

Skuleruta : Det blir avspasering 19. mai. Siste skuledag før jol blir 21. desember.

17. mai : Lærarane frå dei ulike komiteane tek kontakt med dei som dei har bruk for.

Harald Valle (ref.)